



## Høgskolen i Telemark

Avdeling for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning

Kultur - og kyrkjedepartementet  
Sølvi Helmersen Aalbu  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

Saksbehandlar: Bodil Akselvoll  
Direkte innval: 2905  
E-post: Bodil.Akselvoll@hit.no  
Dykkar referanse:  
Vår referanse:  
Dato: 22.04.2008

### Høyring - rapport om tradisjonelt handverk

Institutt for folkekultur, Høgskolen i Telemark, har motteke rapport om ”*Kulturhåndverk – Avtrykk frå fortiden, Uttrykk for øyeblikket, Grunnlag for framtiden.*” Institutt for folkekultur, Høgskolen i Telemark, står ikkje som mottakar for høyringa, men har fått den vidare sendt frå Raulandsakademiet.

Institutt for folkekultur deler dei synspunkta som gjeld situasjonen for handverkskompetansen i Noreg og er uroa over framtida for denne kompetansen. Sidan 1984 har folkekunststudia ved Høgskolen i Telemark eksistert som studietilbod på høgskolenivå, og gjennom desse åra har vi registrert ei negativ utvikling i kompetansen til nye studentar som tek til på våre studiar. Vi har også registrert ei minkande interesse for å studere folkekunst og tradisjonshandverk generelt. Vi ser dette i samanheng med at elevar i grunnskolen og vidaregåande skole får mindre kjennskap til - og opplæring i arbeid med materiale og tradisjonelle teknikkar enn tidlegare.

I kapittelet om høgare utdanning er ikkje folkekunststudia ved Institutt for folkekultur, HiT, nemnt. Vi ber difor om at vi kjem med som ein aktør under dette kapittelet og i det vidare arbeidet for styrking av tradisjonshandverket.

Studia har eksistert som høgskoleutdanning sidan 1984 og gjev undervisning innanfor materialområda tre, tekstil og metall. Instituttet har bachelorstudier i folkekunst med fordjuping i **tre, metall og tekstil**. Vi har vidare masterstudium i tradisjonskunst som omfattar både **tre, metall og tekstil**. Studia gjev ei omfattande innføring og opplæring i ulike tradisjonelle teknikkar i desse materialområda. Masterstudiet i tradisjonskunst starta opp hausten 2003. Studiet har ein utøvande profil med krav til høg kompetanse innan eit handverk.

For meir orientering om studietilbodet vårt innan tradisjonshandverk viser eg til vår heimeside: [www.hit.no/folkekultur](http://www.hit.no/folkekultur). Eg tillet meg også å legge ved ei oversikt over fullførte masteroppgåver i tradisjonskunst.

Vennleg helsing

Bodil Akselvoll  
Instituttleder





(Vedlegg 1)

Masteroppgåver i Tradisjonskunst, Institutt for folkekultur, HiT – (2005 – 2007)

Karen Bernhøft Jensen	<b>Trau</b> – før og nå
Sidsel Sæterhaug	<b>Plantefarging og tradisjonell skinngarving</b> Fargemuligheter ved barkgarving, fettgarving og kombinasjonsgarving
Tine Spuur	<b>Naturvokste emner</b> - brukt i nye gjenstander
Karin Bøe	<b>Rugger i rosegang.</b> Ein særmerkt vevtradisjon i øvre Setesdal rundt 1900
Linda Lind	<b>Tilnærming til et tradisjonshåndverk</b> Korpushåndverk, tradisjon og folkekunst
Linn Sigrid Bratland	<b>Luktevannshus i Noreg</b> Ei kartlegging av luktevannshus som grunnlag for utforming av gjenstandar i sylv
Natasha Bjørnset Reksten	<b>Einsfarga mønsterstrikk</b> – formgjeving gjennom handstrikk
Marte Iren Tormodsdatter Bakken	<b>Broderte tekstiler frå Fosen 1900-1950</b> Et resultat av sosiale og økonomiske forhold ?
Karen Eriksen	<b>”Et møte mellom tradisjon og nyskaping”</b> Fornying av tradisjon gjennom arbeid i metall og tre – i spennet mellom funksjon og uttrykk
Ingolf Endresen	<b>Klostersaum frå Nordmøre</b>
Hilde Grandal	<b>Smøygestølbeltet.</b> Et lite stykke norsk historie - med europeiske røtter ?



Heidi Thöni Sletten

**Materialuttrykket i ombruksmateriale.** En undersøkelse der ombruksmateriale er brukt i stav- og stolpekonstruksjon i oppbevarings- og bruksgjenstander

Gunnhild Astrid Evju

**Benik / malerull** – frå fortid til samtid

Sonja Berlin

**Allt hänger på en tråd.** Alt heng i en tråd

Mari Ormberg

**Relieff i tre.** Nye uttrykk med gamle teknikkar